



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alle på adresseliste

Vår dato: **01 APR 2014**

Vår ref.: 201001799-23

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528

baso@nve.no

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Kvanndalselva kraftverk Etne kommune, Hordaland – orientering om NVE sitt vedtak

Vi viser til høyring av ovanfor nemnde søknad datert 27.04.2012. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fatta vedtak i saka.

NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25; ”Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet”, ikkje er oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 for bygging av Kvanndalselva kraftverk.

Det som er avgjerande for at søknaden om bygging av Kvanndalselva kraftverk er avslått er omsynet til fjordlandskapet. NVE meiner at tiltaket vil medføre betydelege terrenginngrep i eit fjordlandskap med verdi for friluftsliv og reiseliv. NVE har og lagt vekt på at tiltaket kjem i konflikt med to raudlista artar (VU – sårbar) og to naturtypar som er vurdert til viktige (verdi B) med potensial for oppklassifisering til verdi A – svært viktig. Det er også vurdert at det er potensiale for funn av andre sjeldne og truga artar knytt til området. NVE meiner at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak som vil redusere terrenginngrepa og verknad for landskap og biologisk mangfald.

Ei meir omfattande grunngjeving for vedtaket er gjeve i NVE sitt KSK-notat nr. 42/2014 – Bakgrunn for vedtak. Dette kan lastast ned på saka si internettside på www.nve.no/vannkraft.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kommen fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Klageretten er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakelig organisasjonar som representerer interesser som tiltaket vedkjem).

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest


Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvøien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Ein klage skal grunngjevast skriftlig, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Bård Ottesen
seniorrådgiver

Adresseliste for: bygging av Kvanndalselva kraftverk
[alle som har uttalt seg i saka]

Namn/adresse
Etne kommune, Postboks 54, 5591 Etne
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
Haugesund Turistforening, Postboks 432, 5501 Haugesund